



Dato: 06.04.2017
Arkivref: 2015/488-8959/2017 / 104.2

Saksbehandlar: Elisabeth Holme Grønnevik
53 42 30 68
elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for oppvekst, kultur og idrett	04.05.2017

TILSKOT TIL LOKALE KULTURBYGG 2017**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kultur og idrett innstiller slik i sak om tilskot til lokale kulturbygg 2017

1. Moster sogelag – oppgradering av museet
2. Bømlo husflidlag – oppgradering av «Husflidstovo»

Dokument i saka:

1. Søknad frå Moster sogelag.
2. Søknad frå Bømlo husflidlag.
3. Retningslinjer frå Hordaland fylkeskommune <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturbygg/>

Bakgrunn for saka:

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturbygg, finansiert fullt ut av spelemidler frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga skal bidra til å etablera eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunst lokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging eller modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald og drift. Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Søklarane sender søknaden til Bømlo kommune via www.idrettsanlegg.no Kommunen si oppgåve er å sjekka at søknaden er i orden og at alle vedlegg ligg ved. Kommunen sender søknadane vidare, med politisk vedteken prioriteringsliste, til fylkeskommunen for vidare handsaming.

Det er komen inn søknad frå Moster sogelag og Bømlo husflidlag.

Vurderingar:

Søknadane som er komne inn, er frå to aktive lag, som begge treng hjelp og økonomisk støtte for å koma i mål med sine prosjekt:

MOSTER SOGELAG

Moster sogelag står bak og driv bygdemuseet på Moster. Dei starta opp i 1996, og bakgrunnen for dette var arbeidet med å gje ut boka «Fraktefarten i Moster».

Museet har ei samling gjenstandar som viser ulike sider ved dagleglivet i Mosterregionen gjennom dei siste 100 åra. Her kan ein sjå korleis det såg ut i heimen, i skulestova og i ein skomakarverkstad. Det har og ei samling bilete og bøker, ulike arbeidsreiskap og utstyr frå sjøfart og fiske, krambu og ein del bilete og anna frå kongevitjingar på Moster i 1924, 1979 og 1995.

Huset museet ligg i blei bygd som butikk, og har seinare hyst både byggvarer, videoutleige og gatekjøkken. Firmaet som bygde huset – Chr. Størksen jr – starta opp i siste halvdel av 1800- talet nede i Grindheimsvågen. Disk, skrivebord og kassaapparatet er innbu frå den første butikken. I forlenging av bygdemuseet ligg eit lager, som i dag berre er eit skall, men som Moster sogelag ynskjer å modernisera, slik at dei kan ta mesteparten av utstillinga si inn der, og delen som i dag blir brukt til utstilling i større grad kan nyttast til lagsaktivitet og utleige. Sogelaget har innreia eit rom oppe i lokale, med videokanon, bord og benker, som i tillegg til lokale nede blir nytta til mykje.

Sogelaget har stor aktivitet og mange leiger også lokale til møte, slik at huset er mykje i bruk. Ved å innreie lageret, kan dei flytta store deler av utstillinga, og få større plass til samlingar for både egne aktivitetar og andre som ynskjer å leige.

BØMLO HUSFLIDLAG:

Bømlo husflidlag blei stifta 4. oktober 1988 og har pr i dag om lag 40 medlemmer frå heile kommunen. Ung husflid har om lag 15 medlemmar i alder opp til 15 år.

I november 2017 blei Bømlo husflidlag (Bhl) eigar av «Husflidstovo», som ligg på Sakseid. «Husflidstovo» var skulehus frå 1850 til 1972. Eldste delen av huset blei bygd i 1850 og var det aller første skulebygget i heile Sunnhordland som blei bygd for kommunale midlar. Lokaliseringa der bygningen står, var klokkargard og klokkaren var ofte den første læraren i ei bygd. Frå 1970- talet var bygget eigd av speidarstiftinga på Finnås. «Husflidstovo» er ein bygning med spesiell historie, som Bømlo husflidlag ynskjer å ta vare på og formidla vidare.

Bygget treng ombygging og oppgradering til tak, trapp inne og ute samt til mur og maling.

Begge laga stettar krava/kriteria til fylkeskommunen, og er i tråd med retningslinjene til Hordaland fylkeskommune. Det er vanskeleg å setja den eine søknaden opp mot den andre, men rådmannen rår til at ein held Moster sogelag på 1. plass, då denne var inne også i 2016, og er igong med sitt arbeid.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Miljømessige konsekvensar:

Ingen.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Ingen.

Folkehelse:

Å ta vare på historia for nolevande og etterkommarane er viktig og verdifullt. Mange er engasjerte i dette arbeidet, og er viktige entusiastar i sin krins. Dette er god folkehelse.

Oppsummering og konklusjon:

Lag og organisasjonar legg ned ei viktig og verdifullt arbeid i Bømlo samfunnet. Ivaretaking av bygg er ei utfordring, og det er flott at fylkeskommunen har sett av midlar til lokale kulturbygg, som desse og andre kan søkja på.

Saksprotokoll i Utval for oppvekst, kultur og idrett - 04.05.2017

Vedtak:

Utval for oppvekst, kultur og idrett gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.